



Referat	Årsmøte Lærdal Turlag
Tid	Onsdag 21. nov 2018
Stad	Møterommet idrettsbygget LIL
Frammøtt	Rolf Steinar Bøe, Anders Tønjum, Rannveig Frydenlund, Jan Chr. Jerving, Jon Einemo., Elin Bjørkum, Åge Årdal, Lars Ø. Vikesland, Trond Ø. Einemo, Bjørghild Holien, Magnhild Aspevik, Styret (Anne Marit Hunderi, Rolf Engløkk, Einar Moen, Finn Gram, Stian Fagerlund, Brita Einemo).
Innkalla av	Leiar Rolf Engløkk
Fråvær	
Skrivar	Einar Moen
Ordstyrar	Stian Fagerlund
Observatør	

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar og møteskrivar
3. Val av to til å skriva under protokollen
4. Godkjenning av årsmelding
5. Godkjenning av rekneskap
6. Innkomne forslag
7. Fastsette lokal medlemskontingent
8. Val av styreleiar og styremedlemmer
9. Val av leiar og styremedlem i Barnas Turlag
10. Val av revisorar
11. Val av valnemd m leiar og eit styremedlem

Nr	Sak	Referat, vedtak	Ansv., frist
1	Godkjenning av innkalling og sakliste	Leiar orienterte om annonsering og saklista. Godkjent.	
2	Val av ordstyrar og møteskrivar	Stian Fagerlund vald som ordstyrar, Einar Moen som møteskrivar.	
3	Val av to til å skriva under protokollen	Rannveig Frydenlund og Jan Chr. Jerving.	
4	Godkjenning av årsmelding	Ordstyrar opplyste fyrst at det var 17 deltakande styret medrekna. Av desse er 15 medlemar. Anne Marit Hunderi las opp årsmeldinga. Rolf last opp nokre rettingar frå den Årsmeldinga som var sendt ut. M.a. 159 DNT-medlemmar + 9 Lokale medlemmar = 168 Medlemmar. Årsmeldinga vart godkjendt med dei endringane som kom fram på møte.	

f. u. l. Rolf Engløkk Rannveig Frydenlund



5	Godkjenning av rekneskap	Leiar las opp revisormeldinga. Revisor tilrår rekneskapan godkjendt. Framlegg om at utgifter til Sogn og Fjordane turlag førast som eigen post i rekneskapan. Den låg under administrasjonskostnad i årets rekneskap. Godkjend med kommentaren som ligg føre.	
6	Innkome forslag. Det er komne inn to forslag innan fristen. Eit fra styret, og eit fra Åge Årdal. Fra styret Framlegg fra styret om endring av vedtektene §5, Årsmøtet. §5 lyd slik: Årsmøtet skal haldast innan utgangen av november månad og skal kunngjerast minst to veker på førehand i lokalpressa. Saker som medlemene vil ha opp på årsmøtet må vere styret i hende 1 veke før årsmøtet. Styret har rett til å fremme saker til årsmøtet innan tidspunktet for offentleggjering. Berre saker som er nemnde i innkallinga kan det gjerast vedtak i på årsmøtet. Rekneskapet skal avsluttast pr. 30.oktober. På møtet skal rekneskap utleverast og gjennomgåast. Årsmelding skal seinast to veker før årsmøtet leggst ut på laget si heimeside og på rådhuset og sendast på e-post til medlemar med registrert e-postadresse. Årsmeldinga skal lesast opp på møtet. Fra Åge Årdal Forslag: Lærdal Turlag tilbakebetalar til Lærdal kommune overført beløp 210 323 kr Grunngjeving: <ol style="list-style-type: none">1. Utbetalinga skjedde 14.10.2015 utan budsjett tilknytning og politisk vedtak.2. Utbetalinga skjedde på grunnlag av informasjon og førespurnad frå to medlemar i Turlaget, Trond Øyen	Styret sitt framlegg til vedtak: Styret gjer framlegg om at §5 vert slik: Årsmøtet skal haldast innan utgangen av november månad og skal kunngjerast minst to veker på førehand i lokalpressa. Saker som medlemene vil ha opp på årsmøtet må vere styret i hende 1 veke før årsmøtet. Styret har rett til å fremme saker til årsmøtet innan tidspunktet for offentleggjering. Berre saker som er nemnde i innkallinga kan det gjerast vedtak i på årsmøtet. Rekneskapet skal avsluttast pr. 30.oktober. På møtet skal rekneskap utleverast og gjennomgåast. Årsmelding skal seinast to veker før årsmøtet leggst ut på laget si heimeside og i servicesentralen på rådhuset Årsmeldinga skal lesast opp på møtet. Styret ynskte å endra § 5 ved at det ikkje lenger er krav til å senda årsmeldinga ut på e-post til medlemene. Endringsframlegget vart vedteke.	

f. Christian Førving

Rannveig Frydenlund



	<p>Einemo, leiar i Turlaget og Helene Maristuen, tidlegare leiar i Berekraftpiloten; står i brev frå rådmannen 04.09.2017 til Kontrollutvalget. Ingen av desse to var tilsette i kommunen i 2015 og hadde mynde til å initiere utbetalinga.</p> <ol style="list-style-type: none">Økonomileiar og økonomirådgjevar attester utbetalinga.Kontrollutvalget og Revisor uttalar at overføringa er ureglementert og ikkje har følgd økonomireglementet (reglane for attestering) i kommunen.Internkontrollen burde stoppa utbetalinga då det ikkje låg føre politisk vedtak eller dekning i budsjett/rekneskap for den utbetalte summen.Kontrollutvalget og politikarar i Kommunestyret uttalar at dei ser alvorleg på handlingane i saka. «Det er ikkje slik ein tilegnar seg midlar i kommunen»»Kontrollutvalet meiner midlane i prinsippet må tilbakebetalast <p>Turlaget bør ta inn over seg at midlane er urettmessig tilegna av tidlegare leiar i laget og vise moralsk ansvar og lokalt samfunnsansvar ved å tilbakeføre midlane til Lærdal kommune.</p>	<p>Styret sitt framlegg til vedtak: LæT beheld nevnte sum, men set pengane på ein eigen post i rekneskapen og nyttar midlane til føremål nemnde i brev til LK datert 06.05.2018 og 25.10.2018. Vi forheld oss til kommunestyret sitt vedtak. Viss kommunestyret ynskjer å endra gjeldande vedtak av 23.11.2017, stiller vi oss positivt til rådmannen sitt framlegg i brev datert 13.11.2018.</p> <p>Åge Årdal gjorde greie for sitt syn.</p> <p>Det var replikkveksling i saka.</p> <p>Det vart stemt for dei to framlegga. Framlegget til Åge Årdal fekk ei stemme. Framlegget til styret fekk 14 stemmer for, og ei stemme mot.</p>	
7	Fastsette lokal medlemskontingent. Styrets forslag er inga endring.	Vedtak: Inga endring, kr 250,00 for enkeltmedlemmar, kr 300,00 for familie.	
8	Val av styreleiar og styremedlemmer. På val er styreleiar Rolf Engløkk, styremedlemmane Brita Einemo, Finn Gram og Einar Moen	Rolf Engløkk vart attvald som styreleiar. Elin Bjørkum og Anita Bentås vart vald inn i styret for Einar Moen og Brita Einemo. Finn Gram tok attval som styremedlem.	
9	Val av leiar og styremedlem i Barnas Turlag Linda Hillestad Linga har sagt fra seg attval.	Nina Øyre vart vald som leiar. Silje Andrea Fet og Margrete Bæ vart vald som nye styremedlemmar.	

for Christian Førevik Rannveig Frydenlund



	I tillegg hadde Henriette Kvamme gjeve melding om at ho ikkje ynskje å fortsetja i BT.		
10	Val av to revisorar	Jermund Bosheim med Jarle Molde som varamedlem	
11	Val av valnemd med leiar og medlem	Attval på Anders Tønjum og Rolf Steinar Bøe	

Etter den formelle delen av årsmøtet var ferdig, vart det trekt ut «premiar» for deltaking i bakketrimmen.

Uttrekt gåvepremie på kr 1000 for fullført Bakketrim.

Desse fekk «premie»: Rebekka Harman-Thim. Arvid Gram. Arnhild N. Thune.

Referat godkjend:

Lærdal den 6/12 - 2018


Rannveig Frydenlund


Jan Chr. Jerving